

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 30.05.2018
SAKSHANDSAMAR: Brita Mauritzen Næss og Terje Nilsen
SAKA GJELD: **Fritt behandlingsval - utvikling over tid**

ARKIVSAK: 2018/503
STYRESAK: **077/18**

STYREMØTE: **19.06.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering.

Oppsummering

Saka gir ei orientering om ordninga «fritt behandlingsval» (FBV) og ei oversikt over utviklinga i aktivitet for pasientar frå Helse Vest.

Vi ser ein markant auke i aktiviteten i «godkjenningssordninga», ein liten auke i aktiviteten hos private leverandørar medan tal på pasientar som får behandling i andre regionar held seg stabilt.

Fakta

I styremøte den 21. juni 2017, under behandling av sak 065/17 Nasjonale kvalitetsindikatorar per 3. tertial 2016, ønska styret til eit seinare møte ei oversikt over utvikling over tid i bruk av fritt sjukehusval / fritt behandlingsval.

Det som blir kalla «fritt behandlingsval» (FBV) blei etablert 1. november 2015, og omfattar ordninga «fritt sjukehusval» og «godkjenningssordninga». Godkjenningssordninga inneber at det at blei mogleg for private tilbydarar utan avtale med regionalt helseføretak (RHF) å utføre tenester finansiert av det offentlege gjennom å bli godkjende av Helfo etter søknad.

Måla med FBV er uttalt slik:

- reduserte ventetider
- auka valfridom for pasientane
- stimulere til auka effektivitet i offentlege sjukehus

Når pasienten nyttar fritt behandlingsval kan han dermed velje mellom følgjande:

- offentlege sjukehus i Helse Vest eller andre regionar
- private tilbydarar med avtale med Helse Vest eller eit anna RHF
- private tilbydarar godkjende av Helfo

Kva data er tilgjengeleg

Det finst ikkje gode tilgjengelege data for kva tid ein kontakt i sjukehus er eit resultat av at pasienten har nytta sin rett til fritt behandlingsval. Sjølv om pasienten har fått behandlinga i eit anna sjukehus enn der han bur, så treng ikkje det vere eit resultat av fritt val, det kan vere ei funksjonsfordeling mellom sjukehus, eller pasienten kan ha vore på ferie eller studieopphald.

Ein fullstendig oversikt over utviklinga av fritt behandlingsval er dermed ikkje mogleg å gi.

Det vi likevel har gode data på er kva institusjonar som er godkjende av Helfo gjennom den nye ordninga, og utviklinga av aktiviteten i desse tilboda.

Vi har også oversikt over aktivitet hos private leverandørar med avtale med Helse Vest, men det er ikkje alltid slik at ein kontakt med ein privat leverandør er eit resultat av FBV. I enkelte forløp er det den private leverandøren sitt tilbod som er det naturlege eller det einaste valet, som til dømes avrusingstilbodet til Rogaland a-senter i Helse Stavanger-området.

Til slutt vil vi vise aktivitet i andre regionar for pasientar frå Helse Vest, noko som altså *kan* indikere at pasienten har nytta FBV, men som vi ikkje kan vite heilt sikkert.

Utvikling i godkjenningsordninga for pasientar i Helse Vest

Dei første institusjonane blei godkjende av Helfo i november 2015. Godkjenninga gjeld eit utval lidingar/prosedyrar innanfor somatisk helse (innanfor hjarte og kar, gynekologi, auge, ortopedi, fordøyelse og urologi) , psykisk helsevern vaksne (PHV), psykisk helsevern born og unge, tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og intensiv habilitering av born til og med 16 år. Per mai 2018 er følgjande institusjonar godkjende:

- Innanfor psykisk helsevern er det nasjonalt 7 institusjonar, ingen av desse er lokalisert i Helse Vest
- Innanfor TSB er det nasjonalt 6 institusjonar, der 2 er lokalisert i Helse Vest
 - 12 trinnsklinikken, Fana
 - Stiftelsen Karmsund ABR-senter, Avaldsnes
- Innanfor somatikk er det nasjonalt 19 institusjonar, der 4 er lokalisert i Helse Vest
 - Privatsykehuset Haugesund, Haugesund
 - Ifocus Øyeklinikk, Haugesund
 - Privathospitalet – Fana Medisinske senter
 - LHL klinikkene AS, Bergen
- Innanfor rehabilitering og habilitering er det nasjonalt 1 institusjon, lokalisert i Helse Vest
 - Barnas Fysioterapisenter, Bergen

Nøkkeltal frå institusjonane for pasientar frå Helse Vest er innhenta frå NPR for følgjande indikatorar:

- Tal unike pasientar
- Tal episodar (dag/poliklinikk og døgnopphald)
- Tal opphaldsdøgn for døgnopphald


Veksten frå 2016 til 2017 varierer noko for dei 3 indikatorane, sjå figurar på neste side:

Tal pasientar hadde ein auke med nær 110 % for somatikk og 39 % for TSB.


Tal episodar hadde ein auke med 172 % for somatikk og 42 % for TSB.
 Tal opphaldsdøgn hadde ein auke med 365 % for PHV og 20 % for TSB. Det er særleg ein auke hos Helseforetaket Incita AS¹ som utgjer den høge prosentvise auken i PHV. Innanfor somatikk var det kun dagbehandling.

Vi ser altså ein auke frå 2016 til 2017 for alle indikatorar med unntak av tal pasientar og episodar innanfor psykisk helsevern. Med unntak av tal opphaldsdøgn er det likevel små volum (pasientar og episodar).

Tal pasientar per år per tenesteområde PHV, Somatikk og TSB:




Tal episodar per år per tenesteområde PHV, somatikk og TSB:



¹ Helseforetaket Incita AS er eit behandlingssted innanfor PHV i Helse Sør-Øst sitt område

Tal opphaldsdøgn per år per tenesteområde PHV og TSB:




Det er naturleg at det er ein stor auke i bruk av Helfo-godkjende institusjonar då ordninga er ny og det blir fleire og fleire institusjonar godkjende og fleire å velje mellom.

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har gitt Helsedirektoratet i oppdrag å både evaluere og å følgje med på ordninga for å kunne gi løypande informasjon om utviklinga i ordninga. Ein rapport frå Helsedirektoratet om status for FBV (IS-2681) viser korleis pasientar frå dei 4 ulike regionane nyttar dei Helfo-godkjende institusjonane, sjå figurar under.

Figurane visar at innanfor fagområda psykisk helsevern og somatikk så er det Helse Sør-Aust sine pasientar som har flest opphaldsdøgn, medan innanfor TSB er det Helse Vest sine pasientar som har flest opphaldsdøgn:


Opphaldsdøgn psykisk helsevern i godkjenningsordninga:

Figur 11 Antall regninger (dvs opphaldsdøgn) i FBV godkjenningsordningen innen psykisk helsevern for voksne etter pasientens bostedsregion 2016-2017. Kilde: KUHR.




Opphaldsdøgn TSB i godkjenningsordninga:

Figur 14 Antall regninger (dvs opphaldsdøgn) i FBV godkjenningsordningen innen TSB etter pasientens bostedsregion 2016-2017. Kilde: KUHR.



Opphaldsdøgn somatikk i godkjenningsordninga:

Figur 16 Antall regninger (dvs episoder) innen somatikk etter pasientens bostedsregion 2016-2017. Kilde: KUHR.



Utvikling i aktivitet hos private leverandører med avtaler med eit RHF

Dei 4 regionale helseføretaka har inngått avtaler med private aktørar om kjøp av helsetenester innanfor 5 tenesteområde; psykisk helsevern (PHV), psykisk helsevern barn og unge (PHBU), tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), somatikk og rehabilitering.


Nøkkeltal er henta frå NPR for indikatorane

- Tal unike pasientar
- Tal episodar (dag/poliklinikk og døgnopphald)
- Tal opphaldsdøgn for døgnopphald


Under er tabellar frå NPR for 2016 og 2017 for tenesteområda PHV, PHBU, TSB, somatikk og rehabilitering. Tala visar pasientar frå Helse Vest behandla i ein privat institusjon med avtale med eit RHF.

Vi ser ein samla auke frå 2016 til 2017 for alle indikatorar med nær 1 % for unike pasientar og tal opphaldsdøgn, og nær 1,3 % for tal episodar. Veksten i DRG-poeng innanfor somatikk er ca. 3 %.


Tal pasientar per år per tenesteområde: PHBU, PHV, Rehabilitering, somatikk og TSB:



Tal episodar per år per tenesteområde PHBU, PHV, Rehabilitering, somatikk og TSB:



Tal opphaldsdøgn per år per tenesteområde: PHBU, PHV, Rehabilitering, somatikk og TSB:



Aktivitet i andre regionar for pasientar busett i Helse Vest

Pasientar busett i Helse Vest vert i hovudsak behandla i eigen region. For planlagde pasientkontaktar innanfor somatiske tenester i 2017 var over 97 % utført i Helse Vest. Dei restarande fekk utgreiing/behandling i Helse Sør-Øst (1,5 %), Helse Midt (0,5 %) og private aktørar (1 %).

For dei mest ressurskrevjande behandlingane innanfor somatiske tenester med innlegging og overnatting blei over 92 % utført i Helse Vest. Dei resterande fekk behandling i Helse Sør-Øst (6,5%), Helse Midt (0,5%) og private aktørar (1 %).

Utvikling i pasientstraumar mellom helseregionene har vore stabil innanfor somatikk sidan 2012-2013.

For pasientkontaktar innanfor PHV og TSB i 2017 var over 99 % utført i Helse Vest. Dei restarande blei utført i Helse Sør-Øst (0,7%) og Helse Midt (0,3%).

For dei mest ressurskrevjande behandlingar innanfor PHV og TSB med innlegging og overnatting blei over 94% utført i Helse Vest. Dei resterande blei utført i Helse Sør-Øst (5%), Helse Midt (0,5%) og Helse Nord (0,5%). Målt i opphaldsdøgn var 92 % i Helse Vest, 7 % i Helse Sør-Aust og 1 % i Helse Nord (Sigma Nord AS).

Tal for dei private aktørane inngår i tal for den regionen dei er lokalisert. I Helse Vest var nær 50 % av alle opphaldsdøgn innanfor PHV og TSB ved private institusjonar, medan omlag 70 % var hos private i Helse Sør-Øst (Modum Bad, Stiftelsen Valdresklinikken, Blå Kors Sør AS

Borgestadklinikk, Helseforetaket Incita AS, Stiftelsen Fossumkollektivet, Stiftelsen Phoenix Haga etc.)

Konklusjon

Vi ser ein markant prosentvis auke i aktiviteten i «godkjenningssordninga», men tala er fortsatt relativt små. Vi ser ein liten auke i aktiviteten hos private leverandørar medan tal på pasientar som får behandling i andre regionar held seg stabilt. Aktivitet hos private leverandørar og behandling i andre regionar *kan* vere eit resultat av fritt behandlingsval, men er det ikkje alltid.